



Foto: Jarle Wæhler



Foto: Espen Mills



Foto: Jarle Wæhler

## ”Mat langs Nasjonal Turistveg”

- Sognefjellsvegen, Rondane og Valdresflye -

Observatørstatus Gamle Strynefjellsvegen, Geiranger - Trollstigen

**Til bedrifter knyt til reiselivsverksemd langs Sognefjellsvegen, Rondane og Valdresflye:**

I jordbruksoppgjeret 2009 vart det vedteke å starte opp prosjektet ”Mat langs Nasjonale turistvegar”. Utgangspunktet for prosjektet er å støtte opp om totalopplevinga rundt turistattraksjonen Nasjonale turistvegar.

Noreg har mykje å gå på som matnasjon. Å løfte fram råvarer, nisjeprodukt og kokkekunst kan auke interessa for norsk mat og heva nivået på det me tilbyr både oss sjølve og gjestene våre. Dei gode råvarene er grunnlaget for den gode maten. Når ein i tillegg sper på med kunnskap om råvarebehandling og mattradisjonar er vi langt på veg.

Langs Nasjonale turistvegar fins det mange skjulte matskattar langs vegane. Matoppleving knytt til aktivitetar, overnatting, gardsrestaurantar, gardsbutikkar og lokalmat-utsal har etter kvart blitt ein del av reiseopplevinga. Mat med lokal/regional forankring og ein historie å formidle er med på å styrkje omdømme og identitet til eit område.

Sognefjellsvegen blir pilotprosjekt i denne satsinga saman med Nasjonal turistveg Rondane og Valdresflye. Prosjektet starta opp november 2010. Landbruks- og matdepartementet har løyvd 3,5 mill til tiltaksmidlar i pilotområda. Ein vil arbeide for å styrke og utvikle mat- og reiselivssatsinga i samarbeid med næringsaktørarne etter vegen.

Gamle Strynefjellesvei og Geiranger - Trollstigen også er ein del av denne satsinga. Arbeid med desse vegane skal starte opp etter at det er vunne ein del erfaring frå vegen over Sognefjellet. Her har LMD løyvd og øyremerka 2,5 mill til tiltaksmidlar.



Foto: Nils Petter Dale




Foto: Jarle Wæhler

## Mål for prosjektet:

- Auka næringsutvikling innan mat, reiseliv og opplevingar langs turistvegane.
- Betre tilgjenge, kvalitet og sørvis knytt til mat, reiseliv og opplevingar.

Prosjektet skal arbeide fram konkrete resultat i form av lønsam næringsaktivitet og samarbeidsgevinst langs vegen. Gjennom å invitere til deltaking i ein næringsklynge som samhandlar om felles potensial og utfordringar, ynskjer ein å styrkje den totale produktopplevinga, optimalisere høgsesong og fokusere på skuldervesongane.

I oppstartsfasen til prosjektet er det viktig at næringa er med på å forme og vedta aktuelle satsingsområde og tiltak. Det er og viktig at næringa får eit eigarforhold til tiltaka som skal gjennomførast. NCE Tourism Fjord Norway vil ha eit innlegg på korleis deira klyngeprosjektet er organisert og knytt til forpliktande avtaler.

Aktuelle moment er; styrking av identitet og sjølvkjensle, bruk av lokal matkultur, bruk av lokale/regionale råvarer, omdømmebygging og auka inntening.

For meir utfyllande bakgrunnsinformasjon, kommentarar og innspel, ta kontakt med prosjektleiar Egil Ørjan Thorsen som har kontorstad Norsk Fjellmuseum i Lom. Under seminaret vil ein få grundig informasjon om partnerskap til prosjektet og kva dette inneberar.

Dei som mottek denne invitasjonen til å delta på første samlingskonferanse vil få høve til å drøfte potensialet i lag med kollegaer langs strekningane. Dette vil og vere dagar med inspirasjon og fagleg påfyll, samt sette rammene for vegen vidare.

Underteikna vonar at de vil setje av 31. januar og 1. februar 2011 for å samlast til eit inspirerande treff på Norsk Fjellmuseum, og **husk påmeldingsfrist 5. jan. 2011.**

Vidare er det ynskjeleg med innspel på tiltak prosjektet skal arbeide med. Send gjerne ein epost eller ring meg.

*Med ønske om ein fredfull jul og eit godt nytt år!*

*- Egil Ørjan Thorsen, prosjektleiar*



Foto: Vegar Moen



Foto: Espen Mills



Foto: Jarle Wæhler

## Måndag 31. januar

- 11.00** Lunsjbord: "Smak av Sognefjellet"
- 12.00** Velkommen til Lom v/Ordførar Lom Simen Bjørgen  
Opning v/Fylkesmann Kristin Hille Valla i Oppland
- 12.30** Mat langs Nasjonale turistvegar 2010 – 2013  
Bakgrunn, visjon, målsetjing, prosjektstrategi, presentasjon av potensielle tiltak v/prosjektleder Egil Ørjan Thorsen
- 13.00** "Spor frå vår tid"  
Nasjonale turistveger – om Nasjonale turistveger v/Per Ritzler, prosjektleder kommunikasjon, Brukarundersøking frå TØI 2005 – 2010, presentasjon av nokre planlagde fyrårnsprosjekt | [www.turistveg.no](http://www.turistveg.no)
- 13.30** Nasjonal turistveg – kort presentasjon av pilotane, fokus på mat & oppleving;  
- Rondane, Ellen Engh | [www.rondanevegen.no](http://www.rondanevegen.no)  
- Valdresflye, Kjell Arne Berntsen | [www.valdresflye.no](http://www.valdresflye.no) | [www.valdres.no](http://www.valdres.no)  
- Sognefjellet, Iren Vatne | [www.sognefjellet.com](http://www.sognefjellet.com) | [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no)
- 14.15** **15 min pause**
- 14.30** Historien om "Den Gyldne Omvei"  
Den gyldne Omvei er ei vegstrekning som går gjennom eit vakkert kultur landskap i Inderøy kommune i Nord-Trøndelag. Aktørane langs ruta tilbyr overnatting, mat-, natur-, kunst- og kulturopplevingar, der både tradisjon og nyskaping er teke vare på. Stikkord er; konsept, tilrettelegging, marknadstilpassing, kasseapparat. Ved Kristine og Frode Sakshaug  
[www.oynaparken.no](http://www.oynaparken.no) | [www.dengyldneomvei.no](http://www.dengyldneomvei.no)
- 15.30** **10 min pause**
- 15.40** "Lokal mat og matkultur ved DNTs hyttar", Den Norske Turistforening v/Anne Mari Aamelfot Hjelle, Assisterende generalsekretær  
[www.turistforeningen.no/index.php?fo\\_id=2049](http://www.turistforeningen.no/index.php?fo_id=2049)
- 16.10** Frå tilfeldigheit til Reiselivsprisen 2010  
Gudbrandsjuvet "Café Juvet" & Juvet Landskapshotell av Knut Slinning  
[www.juvel.com](http://www.juvel.com)
- 16.40** Klimapark2469; "Ut av isen" – Reinen har vore ein viktig matressurs i fjellområda, men no har reinen óg vorte ein viktig ressurs som symbol på klimaendringar. Dag Inge Bakke, Norsk Fjellmuseum  
[www.klimapark2469.no](http://www.klimapark2469.no)
- 17.30** Avslutning og oppsummering for dagen
- 19.00** Middag "Smak av fjord & fjell"
- 21.00** Konsert med Hans-Kristian Kjos Sørensen & vennar  
[www.kamfest.no/index.asp?ParentID=&MenuID=4318&DocID=10769](http://www.kamfest.no/index.asp?ParentID=&MenuID=4318&DocID=10769)

## Tysdag 1. februar

- 07 - 08.30** Frukostbord
- 08.30** Nordiske trendar og bruk av råvarer, Ny Nordisk Mad, Noregs ambassadør Eivind Hålien  
[www.nynordiskmad.org/ny-nordisk-mad/ny-nordisk-mad/](http://www.nynordiskmad.org/ny-nordisk-mad/ny-nordisk-mad/)
- 09.00** Frå ide til verkelegheit og nye utfordringar  
Morten Schakenda som vann Bygdeutviklingsprisen 2010. På få år har bakeriet fått eit namn som er kjend langt utanfor bygdas grenser». Kriteria for bygdeutviklingsprisen er originalitet, auka sysselsetting, utnytting av lokale ressursar og synergjar i lokalsamfunnet  
[www.bakerietilom.no](http://www.bakerietilom.no)
- 09.30** "Naturens kjøkken som ingrediens" Arne Brimi | [www.brimiland.no](http://www.brimiland.no)
- 10.00** **15 min pause**
- 10.15** "Aktivitatar & mat" – Pakking, booking, sal, formidling og totalopplevelsen Naturopplevingar, Rønnaug Nyrnes og Nes Gard ved Asbjørn Månun  
[www.komtilom.no](http://www.komtilom.no) | [www.naturopplevingar.no](http://www.naturopplevingar.no) | [www.nesgard.no](http://www.nesgard.no)
- 10.45** Korleis fungerer NCE Tourism – Fjord Norway?  
Eit klyngeprosjekt i fjord Noreg regionen med vilje til samhandling. Klynge består av opplevingsverksemd, transport- og overnattingsaktørar, regionale klyngeaktørar, FoU aktørar og nasjonale og internasjonale reiselivspartnerar | [www.fjordnorway.com/no/NCE/](http://www.fjordnorway.com/no/NCE/)
- 11.15** Dei Historiske, om avtale med Nortura og tilnærming lokal mat, konsept, pakking og booking i fokus. Nils Henrik Geitle, adm. dir. De Historiske  
[www.dehistoriske.com](http://www.dehistoriske.com)
- 11.45** "Smak av Gudbrandsdalen & Lustramat" – Gudbrandsdalmat/Lustramat presenterar forretningsområde og produktaspekt for å fremje lokal/regional mat og råvarer ved Anette Svastuen, Marianne Bugge  
[www.gudbrandsdalsmat.no](http://www.gudbrandsdalsmat.no) | [www.lustramat.com](http://www.lustramat.com)
- 12.15** Lunsj
- 13.15** Arbeidsmøtar i grupper med Pål K. Medhus | [www.hovestott.no](http://www.hovestott.no)  
Presentasjon av arbeid og oppsummering
- 16.00** Avreise

*Programinnhald og tidar kan bli justert. Det blir lagt opp til moglegheit for spørsmål undervegs, og eit tematisert arbeidsgruppemøte dag to.*



**Målgruppe:**

Næringsaktører som har forretningsinteresser langs verdikjedene mat og reiseliv knytt til strekninga Sognefjellet, Valdresflye, Rondane, samt representantar for Gamle Strynefjellsvegen og Geiranger – Trollstigen.

**Påmelding:**

[sognefjellet@gmail.com](mailto:sognefjellet@gmail.com) med fakturadetaljar

**Påmeldingsfrist:**

Onsdag 5. januar 2011 - NB: snarleg påmelding er ynskjeleg!

**Konferanseavgift med overnatting:**

Kr. 1500,- inklusiv konferanse to dagar, to lunsjar, ein middag, ein overnatting m/frukost, konsert og underhaldning

**Konferanseavgift utan overnatting:**

Kr. 1000,- inklusiv konferanse to dagar, to lunsjar, ein middag, frukost tirsdag, konsert og underhaldning.

**Vinterstengt veg:**

For dykk som har ekstra lang reise pga vinterstengt veg vil det være mogleg å ordne overnatting frå søndag til måndag i Lom. Ta kontakt med PL for meir info.

**Kontaktperson:**

Egil Ørjan Thorsen, prosjektleiar

Norsk Fjellmuseum

Postboks 5

2685 Lom

Mobil: 95 96 18 15



Foto: Jarle Wæhler



Foto: Jarle Wæhler



Foto: Werner Harstad



Foto: Helge Stikbakke